HEIMEMISJONEN

nr. 1 - 2023 - 104. årgang

imf Sunnmøre

# Kraften av oppstandelsen



**Det er like sterkt hvert år å la seg gripe av det Jesus Kristus gjorde for å frelse oss mennesker. Påskens evigvarende budskap om Jesu forsonende død på Golgata, og hans seierrike oppstandelse 1. påskedag berører.**

Ordene fra Bibelen i Johs. 3,16 om at «Så høyt elsket Gud verden at ha gav sin sønn den enbårne, for at hver den som tror på Ham ikke skal fortapes, men ha evig liv», er høyaktuelle. Vi må takke og prise vår Gud for at vi fremdeles kan ta budskapet til oss. Takke for at vi fremdeles får lov å forkynne dette i kirker og bedehus, uten å bli satt i fengsel eller bli straffet på annen måte. La oss glede oss over det.

**Han er** oppstanden! Halleluja!

**Også i Johs. 11, 25** står det om oppstandelsen. Jesus er på besøk hos Marta og Maria etter at deres bror Lasarus var død. De sørger og tror at Jesus er kommet for seint til å kunne hjelpe. Jesus kommer aldri for seint! Han kommer «i sin tid». Guds klokke går alltid rett. Han vekker opp Lasarus fra de døde. Og ordene han sier til Marta er disse: «Jeg er oppstandelsen og livet. Den som lever og tror på meg, skal leve om han enn dør.»

**Vi som lever** i dag skal også få ta dette til oss, og la ordene fra Jesus trøste oss, hjelpe oss å styrke oss. Jesus kommer aldri for seint! Kraften av Jesu oppstandelse er den samme nå som den påskemorgen Jesus brøt dødens lenker og kom ut av graven, og som den dagen Jesus vekket opp Lasarus. Oppstandelseskraften er tilgjengelig i vår relasjon med Jesus. Fil 3,10: «… Så jeg kan kjenne Ham og kraften av hans oppstandelse og samfunnet med hans lidelser»

**Det er ingen** kraftkrise hos Gud! Velsignet påske!

**Tekst:** Gudrun Longva

**Foto:** freepik.com

«Syng for Herren en ny sang! For underfulle ting har Herren gjort.» **Salme 98,1**

# Vekkelse



*Johan Halsne*
*Krinsleiar*
*ImF Sunnmøre*

**Den 11. Februar 1982** opplevde jeg å gi mitt liv til Jesus. Dette som en følge av vekkelse i mi bygd og i mitt liv. Å forklare vekkelse i skriftlig og verbal form kan være vanskelig, det må oppleves. I skrivende stund er der fokus på en vekkelse som plutselig har oppstått ved Asbury University i Kentucky, USA. En gruppe studenter ble igjen for å fortsette og be etter den faste studentsamlingen onsdag 8.februar. Siden har bønn og lovsang fått lyde døgnet rundt. Det som skjer, blir kalt en vekkelse og ungdommer står timer i kø for å kunne bli med på møtene.

**Gjennom en serie** reportasjer har den kristne dagsavisen Dagen gjennom denne vinter hatt fokus på vekkelse. Alle oss som leste om vekkelsen på Stadt, som nærmest ut av ingenting og på en stille og sterk måte forvandlet mange liv for evig og alltid. Da kjenner en berøringspunkter i eget liv med ønske og bønn om å oppleve gjennomgripende vekkelse på ny.

**Et særegent trekk** ved norsk kristenliv de siste århundrene, har uten tvil vært de store og mindre vekkelser som har gått gjennom bygd og by. Imf Sunnmøre sin begynnelse og 140 år lange historie har vekkelser i ryggmargen. Der er noen relevante spørsmål å stille knytta til spennende og viktige tema: Er vekkelsens tid forbi? Kan vi skape vekkelse? Hvordan og hva inneholder vekkelse?

**Personlig tror jeg ikke** vekkelsens tid er forbi. Løfter vi blikket ut over vårt land sine grenser ser vi fortsatt store og gjennomgripende vekkelser, spesielt på det afrikanske kontinent og i Østen. Jeg tror at bibelens ord fra Salme 72,17 *"Så lenge solen skinner, skal hans navn skyte friske skudd."* er sant. Mange lengter etter "gamle tiders vekkelse" rundt om i våre bedehus. Jeg forventer ikke en slik vekkelse, men lever i forventning til at Gud sender oss vekkelse i vår tid. Å tenke den tanke at vi kan skape vekkelse kan virke både åndelig og edelt, men er likevel feil. Vi kan være med å legge til rett for vekkelse gjennom bønn og vitne tjeneste, men selve vekkelsen er alltid Guds verk gjennom de redskaper han velger bruke. Alle vekkelser kommer på tross av og ikke på grunn av. Det er et Åndens og Guds verk som berører mennesker på en nesten uforklarlig måte. Er der vekkelsesluft, trenger en ikke være på et spesielt sted, under en spesiell innflytelse for å bli påvirket. Det berører tanke, sinn og liv og menneske stiller seg spørsmålet: "Hvordan få det rett med Gud?" Hvordan en vekkelse kommer, oppleves og utarter er så forskjellig. Gjennom vår historie har der vært det som beskrives som "vekkelsestider" der nesten alle Guds redskap opplevde større og mindre vekkelser der de kom. Mot slutten av sitt liv sa den kjente forkynner Ingolf Strand følgende:" I starten av min tjeneste som predikant forkynte jeg mye som var galt og stod i vekkelse etter vekkelse. Mot slutten av livet forkynte jeg mye mer i samsvar med Guds ord, men opplevede ingen vekkelse. "Han var en av de som opplevde vekkelsestider. Senere var det ofte evangelistene og ikke minst sangevangelistene som gjennom sammenhengende møtevirksomhet fikk være redskap til større og mindre vekkelser. En vekkelse inneholder ofte både en "oppvekkelse" blant Guds folk og at personer utenfra en kristen sammenheng blir forvandlet. Så er det avgjørende viktig å være takknemlige hver dag for de mange som gjennom undervisning i hjem, barnelag, påvirkning fra venner og kristne skoler ble bevart gjennom barndom og ungdomstid som kristne. I deres Guds relasjon var utviklingen mer som en soloppgang enn et bestemt øyeblikk der lyset ble skrudd på.

**"Er vekkelsens tid forbi? "**

**Vi ber om at** Gud fortsatt utruster evangelister, vi ber om, og lever i forventning til å se mennesker forvandlet ved evangeliet, vi ber om visdom til å skape møteplasser mellom de som ikke tror og det budskapet som fører til tro, og vær ikke overasket om vekkelsen kommer på en måte og et sted vi ikke forventet.

## ORGAN FOR IMF SUNNMØRE

**Krinsleiar ImF Sunnmøre**
Johan Halsne
**Heimemisjonen**
Redaktør: Johan Halsne
Postboks 7836 Spjelkavik,
6022 Ålesund
Tlf. 70 17 86 70
Fax. 70 17 86 69
Bankgiro: 3000.15.31235
E-post: sunnmore@imf.no
Internett: www.imfsunnmøre.no
**ImF-UNG Sunnmøre**
imfung-sunnmore.no

**Brusdalsheimen**
Telefon: 70 27 45 53
Bankgiro 3900.31.17255
**Orreneset Misjonssenter**
Telefon: 70 25 07 56
Bankgiro: 4045.07.07211
**Daggry barnehage**
Telefon: 70 18 24 97
Bankgiro: 3000.21.36682
**Ålesund Folkehøgskule**
Telefon: 70 17 76 00
Bankgiro: 8220.02.20788

**Møre barne- og ungdomsskule Ålesund**
Telefon: 70 17 66 70
Bankgiro: 8220.02.80287
**Møre barne – og ungdomsskule Skodje**
Telefon: 71 70 70 51
Bankgiro: 3000.32.36796
**Møre barne - og ungdomsskule Herøy**
Telefon: 70 08 05 50
Bankgiro: 3000.18.45655

**Begravelsesbyrået Sunnmøre A/S**
Telefon: 70 17 86 60
Vakttelefon: 90 86 38 56
**Plussreiser AS**
post@plussreiser.no
Telefon: 70 17 90 00
www.plussreiser.no
**Radio Sunnmøre**
Telefon: 70 15 41 00
Bankgiro: 3900.21.10311
www.radiosunnmore.no



imfung SUNNMØRE

# Leirliv

**Første helga i februar var meir enn hundre born samla til leir.**

48 på minileir på Brusdalsheimen, og 55 på Wintergames på Orreneset. Glad sang og god Jesus-forkynning var det på begge leirane. Det er så flott å få gi evangeliet til alle borna som kjem på leir.

**På Orreneset** (5.- 7. klasse), var vi mykje ute. Dei fleste var i slalombakken på laurdagen, men nokre få sprekinger gikk på langrennski.

**Flotte leiarar** var med til å gjere desse leirane til fine og gode dager for både små og store.Vi gler oss til fleire leirer utover våren og sommeren.

**Tekst & foto:** Hilde Giske Lukkedal



*Gøy med langrenn og bortoverski.*



*Klare for slalåm på wintergames.*




## Foreldrekveld

**1/3 foreldrekvelder er gjennomført. God undervisning, nydelig sang og gode samtaler. "Hjertefokus - bevar ditt hjerte" var tema for første kveld.**

Det var godt å høre Maria og Sverre fortelle ærlig om sine liv og gi inspirasjon og ord til oppmuntring. Maria sa så fint at "vi er ikke her for å rette pekefinger mot noen, men heller å kunne invitere til gode relasjoner i familien". Marius Nergård sang om å bevare sitt hjerte, og om en Gud som strekker seg til oss. Det var god tid til mingling og en liten matbit.

**Hvorfor arrangere foreldrekveld?**

Det er godt å kunne komme sammen med andre som er i samme båt som en selv. Det å vite at man ikke er alene i foreldrerollen og at flere har de samme utfordringene kan være oppmuntrende i seg selv. Med å arrangere foreldrekvelder, får vi møtes og høre andre fortelle om tema som møter oss i foreldrelivet. Målet vårt med disse foreldrekveldene er at vi som foreldre går ut med påfyll og oppmuntring til hverdagen som møter oss. Å være forelder er en livslang – og en livsviktig rolle.

**NESTE FORELDREKVELD**

22. Mars og 26. April kl 19:30 på Blindheim Bedehus.

**Se mer info på**
www.imfung-sunnmore.no
eller Facebook .

**Tekst & foto:** Hilde Sofie Blindheim Østrem

**BASARDAG PÅ BRUSDALSHEIMEN**

**Vi ønsker velkommen til basar på Brusdalsheimen**

TIRSDAG 18. APRIL KL 18.00

Loddsalg , både skrivelodd og åresalg.
Kafeteria med mykje god mat.
Ca. Kl 19: Sang av Sanctus. Andakt ved Jostein Mulelid.

**60 + LEIR PÅ BRUSDALSHEIMEN**

21.-24. august

Roald Evensen blir med som taler. Gode sangkrefter tek del.
Påmelding til Brusdalsheimen

**Orreneset Misjonssenter jubilerer 20 august.**

Sjå side 8



# Gode lyttartal for Radio Sunnmøre

**I 2022 hadde Radio Sunnmøre 9000 faste lyttarar kvar veke, det er nesten ei dobling av lyttarar frå året før. Og er dermed den nest mest lytta til lokalradioen på Sunnmøre i 2022.**

Radio Sunnmøre har drive lokalradio på Sunnmøre i snart 40 år, men har berre dei fire siste åra hatt lyttartal frå kantar. Likevel har lyttartala auka frå år til år, men frå 2021 til 2022 nærmast dobla dei faste lyttarane seg. I 2021 hadde Radio Sunnmøre 5000 faste lyttarar kvar veke, medan talet for 2022 hadde kome opp i 9000. Dermed er Radio Sunnmøre den nest mest lytta til lokalradioen på Sunnmøre i 2022.

-Dette er heilt fantastisk og også litt uverkeleg, fortel dagleg leiar i Radio Sunnmøre, Ragnhild Kristine Vartdal Espelund.

-Vi er ein nisjeradio, altså ein kristen lokalradio som held oss til eit konkret interessefelt når vi lagar saker til radioen. Likevel viser deg seg at det er eit breidt område der svært mange, og mest sannsynleg dei aller fleste har ei interesse for tema. Målet vårt er å vere mest mogleg lokale og prøve å dekke det som gjeld av kyrkje, bistand og misjon på Sunnmøre. Det avgrenser seg sjølvsagt med at vi berre har 1,5 årsverk til å utføre jobben i ei 24/7 sending. Men, vi arbeidar effektivt og godt vi som er i sving, legg Vartdal Espelund til.

**Gode støttespelarar**

I alle år har Radio Sunnmøre hatt gode støttespelarar som hjelp til med ulike oppgåver på frivilleg basis, både på den tekniske og funksjonelle sida, men og til praktisk gjennomføring av sendingar, arrangement og innsamlingar. Radio Sunnmøre er ein nisjeradio og mottek dermed ikkje særleg mykje offtenleg tilskot, det er heller ikkje ein kommersiell radio, dermed er radioen avhengig av økonomiske støttespelarar gjennom året.

Vartdal Espelund understrekar at dett er lyttarane enkeltvis sine økonomiske gåver som gjer at radioen går rundt, og har gjort det i alle desse snart 40 åra. Vi budsjetterer kvart år med at vi skal gå omtrent i null, og det er fantastisk at vi kvart år gjer akkurat det. Dei siste åra har vi også klart å kome over nullen med eit lite overskot, og det er vi svært takksame for til alle våre støttespelarar, fortel Vartdal Espelund, som likevel håper på fleire faste givarar og sponsorar til radioen.

-I tillegg er det ein stor draum å kunne auke årsverka frå 1,5 til to, og å kunne lage endå meir god radio, legg ho til.



*Ragnhild Kristine Vartdal Espelund*

**Nære og aktuelle**

I tillegg til svært gode lyttartal i 2022 er lokalradioen også aktive på internett med eiga heimeside, podkast og på sosiale medier.

-I 2022 ser vi at vi nådde over 56 000 menneskar via facebook, hadde 40 000 brukarar innom heimesida og hadde 25000 nedlastningar på podkast. Dermed har vi i tillegg til gode lyttartal på Sunnmøre nådd ganske mange tusen menneskar. Og lyttartala er nok endå høgare sidan vi har mange lyttar utover Sunnmøre med våre sendingar via appen Radioplayer, avsluttar Vartdal Espelund.

**Tekst & foto:** Radio Sunnmøre








# Selbekk med tema RESPEKT

**I byrjinga av februar arrangerte Radio Sunnmøre inspirasjonssamling for sine lyttarar. Valderøy bedehus var møtestaden og «trekkplasteret» var sjefsredaktør i Dagen, Vebjørn Selbekk som samla fullt hus. I tillegg var det vakker song av vokalgruppa MJU frå Volda.**

**Temaet Selbekk hadde fått til å snakke om var:** *Korleis møte folk vi er usamde med på ein respektfull måte, når ynskjet vårt er å ville forsvare dei kristne verdiane og vår kristne tru.*

Vebjørn Selbekk fortalte mykje frå sitt opphald i realityprogrammet «Farmen kjendis 2022» på TV2. Eit konsept som blanda saman kjende folk med ulike bakgrunnar i høve kultur, etnisitet, religion, syn på moral osv. Desse var saman i nokre veker for å drive ein gard, og kom tett innpå kvarande på godt og vondt. Konseptet var nok litt ukjent for mange av dei frammøtte, men gav likevel eit godt bilde korleis det kan vere «å stå for noko anna enn fleiratlet» i ein pressa setting i kvardagen.

**Selbekk understreka** at for han var det viktig å vere ein konservetativ med eit menneskeleg ansikt. -For meg er det heilt uaktuelt å slutte å stå for det eg står for, også om det er kontroversielt. Mi erfaring er at det skaper respekt å våge å stå for noko, sa Selbekk.

**Han understreka at** ved å peike tilbake på seg sjølv, at ein er ein syndar som treng tilgjeving, forsoning og frelse, får ein flytta fokuset frå moralske stridsspørsmål i ein samtale, og inn til kjernen i evangeliet.

**-Ver hyggelig,** bry deg om mennesker, vis ekte interesse, for det merkast. Finn felles grunnar, for det er meir som foreinar enn som skiller, sa Selbekk.

**I spørsmålsrunden** etter Selbekks foredrag nytta fleire høve til å stille spørsmål. Mellom anna om pressa si rolle i dei meir kontroversielle spørsmåla. Om ikkje pressa også var dømande og kunne skape feil inntrykk av kjende personar / kristenleiarar i t.d. debatten om samkjønna ekteskap og andre moralske spørsmål som er opp til debatt? Også avisa Dagen si rolle blei nemnt i den debatten.

**Selbekk gav** god tid til å besvare spørsmåla, og han gjentok at det aldri var aktuelt for han som sjefsredaktør i ei konservativ kristen avis å slutte å forsvare dei konservative verdiane i bibelske og moralske spørsmål.

**Tekst & foto:** Gudrun Longva



*Sjefsredaktør i Dagen Vebjørn Selbekk holdt foredrag på Valderøy bedehus*

# Aukande interesse for bibelkurs

**Trenden viser aukande interesse for bibelundervisning, noko som gjorde seg utslag i at bibelkursa over fire onsdagar i januar / februar samla nesten fullt Blindheim bedehus.**

Heimemisjonen har valgt å fokusere på Kjell Furnes sine timar om «Irael, skrifta og tida» (sjå eiga sak side 6).

**Ellers var** desse lærarar på kursa (emna står i parantes): Johan Halsne (Åndens kraft), Arild Ove Halås (Hovedtrekk i Galaterbrevet), Oddbjørn Brunstad (Kristen i møte med konspirasjonsteori) og Karl Arne Austnes (Møte med menn og kvinner i Bibelen).

**Kursa vart også** haldne på Møre b/u-skule Herøy med god oppslutning.



*Frå v. Arild Ove Halås, Kjell Furnes, Johan Halsne og Oddbjørn Brunstad*



*Karl Arne Austnes*

**Brattvåg Indremisjon** arrangerte Bibelhelg første helga i mars med fire timar med Johan Halsne med temaet «Det truverdige ord» - møte med tru og tvil. Ei inspirerande og god helg.

**Tekst & foto:** Gudrun Longva

# ISRAEL – SKRIFTA OG TIDA

**Den allmektige Gud, universitets skapar og oppretthaldar, har full styring med alle desse uttrykka i overskrifta.**

Ikkje berre det, han har også openberra mykje av det i sitt profetiske ord. «*For Herren Herren gjer ikkje noko utan at han har openberra sine løynde råd for tenarane sine, profetane.*» (Amos 3,7). Ikkje berre det. Etter si store oppleving på fjellet, saman med to andre apostlar, fundamenter Peter si oppleving slik: «*Og dess fastare har vi profetordet, som de gjer vel i å akte på.*» (2. Pet. 1,19)

**Ja, kva seier då Ordet?** Jau, mellom anna at Guds har to eigedomsfolk. I Titus 2,14 står det at han har «*reinsa seg eit eigedomsfolk, eit som med ihuge gjer gode gjerningar.*» Kven er dette folket? Jau, det er alle dei som har teke imot Jesus som sin Frelsar, utansett etnisk bakgrunn eller nasjonalitet. Det er Guds menighet, Jesu Kristi brud. Men så har Gud eit eigedomsfolk til: «*For du er eit heilagt folk for Herren din Gud. Deg har Herren din Gud valt ut mellom alle folk på jorda til å vere eigedomsfolket hans.*» Kven er dette folket? Det er folket etter stamfaren Abraham, det jødiske folk.

**Desse folka må du ikkje blande saman.** Det skjedde noko dramatisk rundt år 300 e. Kr. Då fekk ein del kristenleiarar det for seg at no hadde Gud berre eit eigedomsfolk, nemleg menigheten. Eusebios var ein, og Augustin fylgde på. Seinare kom vår eigen Luther til med det same synet. Det er trist å lese kva Luther skreiv og sa om jødane. Dette synet skulle få dramatiske verknader både for den kristne kyrkje og for jødane. Det som bør uro oss er at dette synet, som blir kalla erstatningsteologi, finn du framleis i landet vårt. Du finn det på våre læreanstalter, kyrkje og bedehus, at Gud har berre eit eigedomsfolk.

**Korleis gjekk det då med Guds jordiske paktsfolk?** Det var ikkje eit enkelt folk for Gud å ha styringa over. Han kalla dei «eit hardnakka folk.» (2. Mos. 32,9) Men han gav også løfte om at folket ikkje skulle gå under i diaspora , sjølv om han måtte tukte og straffe dei. Det mest dramatiske skjedde då folket var spreidd mellom alle folkeslag. Det vart tidleg forkynt: «*Herren skal spreie deg mellom alle folka frå eine enden av jorda til den andre.*» (5. Mos. 28,64) Det skjedde i år. 70 og 135 e. Kr. Ikkje berre vart folket spreidd, men dei møtte angrep på angrep frå nasjonane. Vi kan nemne korsfararane, den spanske inkvisisjonen, russiske pogromar, Hitler si endelege løysing, osv.

**Men Gud hadde sagt noko anna:** «*Men liksom det vert ein stuv att av terebinta og eika når*



*ein feller dei, såleis skal ein heilag sæde vera den stuven som vert att av folket.*» (Es. 6,13) Og ikkje berre bli bevart som folk, men Gud gav også løfte om ei samling, også forkynt gjennom Moses: «*Han skal atter samla deg frå alle dei folka som Herren din Gud hadde spreidd deg mellom.*» (5. Mos. 30,3) Dette løftet sette Gud i verk i 1882. Då vart den første alyea (stige opp) sett i gong. I 1896 vart der foreteke ei folketeljing i gamle Kanaan. Då var der 59.431 jødar i landet. I dag er der 7, 2 mill.

**Folket kjem heim. Og dei skal her ein gong møte den Messias som dei ein gong forkasta. Gud har styringa. Ver trygg på det!**

**Tekst:** Kjell Furnes
**Foto:** Gudrun Longva









# 20 år med onsdagskafe

**Søndag 19. februar feira Onsdagskafeen i Sykkylven 20 års-jubileum, og inviterte bygdafolket og gjester til stor fest på Bedehuset.**

Festbordet bugna av gode kaker, og salen fyltes med festglade folk, som ville bidra til å gjere stas på vertskapet. Anne-Lise Nordstrand leia festen, og hadde eit fyldig attersyn om det som hadde vore gjennom alle desse åra, og korleis starten var.

**Takka vere at** Martha og Edgard Paulsen hadde møteserie i bygda, og mykje folk var på møta, så ønskte vi at det skulle fortsette. Lufta litt med Martha om tanker vi hadde, då det til vanleg var lite folk innom dørene på bedehuset. Terskelen måtte senkast, dørene åpnast for «den vanlege mann i gata», og vi ville vere ilag på tvers av generasjonar og forskjeller. Då seier Martha: «Start opp venner, veien blir til mens de går…». Som sagt, så gjort, og no 20 år etter, ser vi tilbake på fine år som har skapt nye fellesskap, vennskap og relasjoner.


*Torgeir Tynes og Anne Lise Nordstrand fekk nlomar for 20 års arbeid med onsdagskafe*


*Kakebord med go'saker på Sykkylven bedehus*

**På festen var** det helsinger frå venner som ofte besøker oss på kafeen, og som no var inviterte for å feire saman med oss. Det var Solgunn og Peder Almedal, Lars-Erik Nesseth, Arne Tusvik og Sigmund Fylling. Lars-Erik heldt også andakt. Torgeir Tynes fortalte om kva Onsdagskafeen har betydd for han gjennom alle desse åra. Johan Aurdal, leiar av Sykkylven indremisjon, takka for arbeidet som er lagt ned, av leiarar og alle gode hjelparane, og overrekte blomar til Torgeir Tynes og Anne-Lise Nordstrand, som har vore med frå starten.

**Tekst & foto:** Anne Lise Nordstrand



## Sang og musikkhelg i Fosnavåg

**Flotte musikkopplevelser, god mat og sosialt fellesskap på hotellet ytterst i havgapet på Sunnmøre.**

For 4. året på rad har vi gleden av å ønske dere velkommen til Sang og musikkhelg på Thon Hotel Fosnavåg.

God kristen sang og musikk står i fokus denne helga, og vi kan love dere et variert og innholdsrikt program med dyktige musikere og sangere.

Det har vert rift om plassene tidligere år, så vi anbefaler dere å være tidlig ute å sikre dere plass. Velkommen til en helg med kristen sang og musikk, hyggelig felleskap og god mat i flotte omgivelser i havgapet på Sunnmøre.

**Arrangør: Imf Sunnmøre og P7 Kristen Riksradio**

**Sjekk oppdatering på:**
https://plussreiser.no/reiser/sang-og-musikkhelg

# PÅSKEMØTER

**SJØHOLT FOLKEHØGSKOLE** 6. - 8. APRIL
**EMBLEM BEDEHUS** 9. APRIL
**VALDERØY BEDEHUS** 9. APRIL



## Skjærtorsdag

***Sjøholt Folkehøgskole***

Kl. 17.00 Bibeltime Ruben Lie Monsen
Kl. 19.30 Kveldsmøte Johan Halsne
Sang av Sarah og David Åstrøm

## Langfredag

***Sjøholt Folkehøgskole***

Kl. 17.00 Bibeltime Ruben Lie Monsen
Kl. 19.30 Kveldsmøte Johan Halsne
Sang av Sarah og David Åstrøm

## Lørdag

***Sjøholt Folkehøgskole***

Kl. 17.00 Bibeltime Arild Ove Halås
Kl. 19.30 Kveldsmøte "Påske i ord og toner"
Sang av Sarah og David Åstrøm,
Maria Engås Halsne m.fl.

## Søndag - 1. påskedag

***Emblem bedehus - festgudsteneste***

Kl.11.00 Tale: Johan Halsne
Sang av Sarah og David Åstrøm
Arild Berstad med team

***Valderøy bedehus***

Kl.19.30 "Han er oppstanden"
Vi gleder oss i ord og toner
over at Jesus har stått opp
Appell: Johan Halsne
Sang av Sarah og David Åstrøm m.fl.

Under bibeltimene langfredag og lørdag er det eget opplegg for barn

imf Sunnmøre

**Det selges kveldsmat mellom møtene på Sjøholt**
**kr. 180 (barn under 12 år kr. 100)**
Kollekt på møtene til IMF Sunnmøre

# JUBILEUMSFEIRING 20. AUGUST

**Meir info kjem i annonser og på Radio Sunnmøre**

**Bli med i trekning av gåvekort**




Orreneset Misjonssenter er 40 år i år. Dette skal vi markere på Orrenesstevnet 20. august.

Senteret har i alle desse åra vore mykje brukt i misjonen si teneste og som lokale for private arrangement og andre organisasjoner.

Det har vore utført mykje vedlikehald i den seinare tid, både ute og inne. Og senteret er i god stand.
Men no må det bytast vinduer og skyvedører i matsal og møtesal då både listverk og vinduer er defekt.

Det er planlagt å byte til 3-lags vinduer for å redusere kostnader til oppvarming.

Totalkostnaden er stipulert til opp mot 700 000.- inkl montering og snikkerarbeid.

I samband med dette er styret for Orreneset så fri og be om ei jubileumsgåve frå misjonsfolket iImf Sunnmøre og andre einskildpersonar og organisasjonar som har nytte og glede av Orreneset. Alle som gir ei gåve er med i trekninga av eit gåvekort, som inkluderer heile arrangementet på song og musikkhelga i Fosnavåg.

Gåva kan sendast til kontonr. 4030.07.05199 eller på VIPPS nr. 119058

Merk Giro eller Vipps med 'Jubileumsgåve'. En varm takk for din støtte!

# SOMMERTREFF

## på Ålesund Folkehøgskole

**Fredag 9. juni** - Ungdomskveld

**Lørdag 10 juni**

10.00 Registrering
10.30 Årsmøte (slutt ca. 16.00)
Andakt: Benjamin B. Anda
18.00 **Festmøte**
Tale: Joakim Solbakken
Arild Berstad m/team
Sang: Morten Samuelsen
Salg av pizza og drikke etter møte
20.30 **Konsert/allsangkveld**
"Han er min sang og min glede"
Rune og Ståle m/team
Morten Samuelsen

TEMA INVITERT

**Søndag 11. juni**

12.00 **Storsøndag**
**m/ barneopplegg**
Tale: Joakim Solbakken
Arild Berstad m/team
Sang: Morten Samuelsen





imf Sunnmøre

VELKOMMEN TIL ÅRETS SOMMERTREFF!

UTSETT HØSTEN - BLI MED TIL VAKRE COSTA BLANCA

# Bibelferie i Spania: Albir Playa hotel & spa

**4. – 11. september**

**Kari og Helge Standal**
**Gudrun Longva**

Pris fra 10.750,-



**Costa Blanca - den hvite kysten, har fått sitt navn fra sine hvite strender. Den vakre og kuperte kysten nord for Alicante er berømt for sitt solsikre og behagelige klima.**

Gruppen skal bo på det flotte hotellanlegget Albir Playa hotel & spa – her finner du flotte rom, deilig mat og flere bassenger. Vi samles til samlinger morgen og kveld. I tillegg vil det bli tilbud om utflukter til Guadalest – byen du kun kan komme inn i ved å gå, til sjømannskirken og til den sjarmerende middelhavsbyen Altea.







